

Budsjett 2022 – framlegg frå AP

Ap støttar kommunedirektøren sitt budsjettframlegg med følgjande tilleggspunkt:

1. Kommunestyret løyver 300 000,- som skal nyttast til driftsmidlar for lag og organisasjonar i kommunen.
2. Kommunestyret vil auka stillinga til hovudverneombod for Bømlo kommune til heil stilling. Kostnad om lag 500 000,-. Dette vil vera eit viktig tiltak for å sikra eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø, for å redusera sjukefråværet og arbeida aktivt med heiltidskultur i kommunen.
3. Kommunestyret vil at arbeidet med aktivitetspark i sentrum skal starta opp våren 2022 og løyver 2 mill. til prosjektet i budsjett 2022.
4. Kommunestyret er uroa for situasjonen innan psykiatrien og vil styrka denne tenesta i budsjettet med 1,2 mill. fleire stillingar og tiltak.
5. Kommunestyret vil at barnetrygda skal liggja utanom berekningsgrunnlaget for sosialstønad. Me bed difor administrasjonen gjennomføra dette, ved om naudsynt ein opptrappingsplan der me løyver 1,5 mill. i 2022 til føremålet.
6. Kommunestyret er uroa for stabiliteten i fastlegeordninga framover. Me bed difor om ei sak våren 2022 som har forslag til korleis me kan løysa rekrutteringsutfordringa av legar framover.
7. Kommunestyret løyver 500 000.- til drifta i Moster Amfi.

Finansieringa av dessa punkta skal takast frå ekstra rammeoverføringar i nytt statsbudsjett.